



Hardangervidda grunneigarsamskipnad

Trondheim, 28.08.2014

Dykkar ref.:
Johan Vaa

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2013/7719

Sakshandsamar:
Øyvind Bonesrønning

Svar på ymse brev om Hardangervidda nasjonalpark

Miljødirektoratet syner til brev frå Hardangervidda Grunneigarsamskipnad dagsett 22.07.2014, 21.03.2013, 25.06.2013 og 9.10.2013. Fleire av spørsmåla i breva er tidlegare besvara i foredrag til forvaltningsorgana for verneområda på Hardangervidda, med representasjon frå Hardangervidda Grunneigarsamskipnad til stade.

I brevet frå 21. mars 2013 (med purring datert 25.06.2013) påpeiker Hardangervidda Grunneigarsamskipnad (HG), Fjellstyra på Hardangervidda og Hardanger Villreinutval at Telemark tilsynsutval for verneområda på Hardangervidda har ulik praksis i handsaming av søknadar samanlikna med dei to andre tilsynsutvala på Hardangervidda. I brevet vart det ytra eit ynskje om at dette vart eit tema på den føreståande årlege samlinga for dei ulike forvaltningsorgana og organisasjonane på Hardangervidda. Temaet vart teke opp på denne samlinga. Miljødirektoratet finn ikkje grunn til å be tilsynsutvalet i Telemark om å endre praksis.

I brevet datert 09.10.2013 ber HG Miljødirektoratet avklare kva for forvaltningsorgan som skal sakshandsame søknader om riving med påfølgjande bygging på anna tomt. Dette er saker som blir handsama etter § 4, punkt 4.1.3 c) i verneforskrifta for Hardangervidda nasjonalpark og tilsvarende for dei to tilgrensande landskapsvernområda.

Heimlane forskriftene er som kjend delt mellom tilsynsutval og fylkesmenn. Når det gjeld forskriftspunkta som omhandlar bygging, ligg heimlane i § 4, punkt 4.1.a, b og c til tilsynsutvala. Dei andre heimlane for bygging er lagt til fylkesmannen. Direktoratet har tidligare stadfesta at det tilsynsutvala er rette mynde for handsaming av saker kor heimlane 4.1 b og c vert kombinert.

I saker som omhandlar riving, med påfølgjande oppføring av nytt bygg på anna tomt er det etter direktoratets syn klare likhetstrekk med handsaming av søknader om dreier seg om nye bygg. Særleg viktige moment i handsaminga er å unngå at ny plassering av bygget kjem i konflikt med viktige naturverdiar. Dette er omsyn fylkesmannen tek i si handsaming av dei resterande punkta som omhandlar nybygg etter verneforskrifta. Tilsynsutvala er gitt mynde over heimlar for byggeaktivitet som ombygging, mindre tilbygg og oppføring av nytt bygg på same stad (same storleik og same bruk), saker som etter direktoratets syn i mindre grad vil kunne endre påverknad på naturverdiar i

området.

Etter det direktoratet kjenner til er det etablert ein praksis der fylkesmannen handsamer saker som gjeld riving og oppføring av ny bygning på ny tomt. Endringa av mynde trer i kraft så snart det omsøkte bygget ikkje er innafor fotavtrykket til eksisterande bygg. Dette er ein praksis Miljødirektoratet ikkje ser noko poeng i å endre, og vil med dette stadfeste praksis om deling av oppgåver mellom tilsynsutval og fylkesmenn. Miljødirektoratet beklagar at dette ikkje vart nedfelt i siste revisjon av forvaltningsplanen.

Miljødirektoratet er og oppmoda om å gje tilsvar på brev frå Hardangervidda Grunneigarsamskipnad dagsett 19.10.2013. Direktoratet har nå leita gjennom arkiv og aktuelle epostboksar utan å sjå at dette brevet har kome oss i hende. Brev med spørsmål om villreinnemnda sin oppgåver vil bli svara i eigen ekspedisjon.

Helsing
Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjend og har derfor ingen signatur

Berit Lein
Direktør, naturavdelinga

Olav Nord-Varhaug
seksjonsleiar

Kopi til:

Fylkesmannen i Telemark	Postboks 2603	3702	SKIEN
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
Fylkesmannen i Buskerud	Postboks 1604	3007	Drammen
Tinn kommune	Postboks 14	3661	Rjukan
Nore og Uvdal kommune	Sentrum 16	3630	Rødberg
Ullensvang herad		5780	KINSARVIK